

**Pressemelding: 08.08.2025**

## **Røvær Fjordbruk AS, lokaliteten Flatholmen i Haugesund kommune**

*Den 5. august vart det oppdaga ein kobbe i merd nr 3 på lokalitet Flatholmen (19336) tilhøyrande Røvær Fjordbruk AS. Det var kraftig uvêr på lokaliteten som ligg ved øygruppa Røvær i havgapet vest for Haugesund. Kobben gav ein tidleg indikasjon om at det kunne vera hol i not på anlegget.*

Det vart straks varsle mistanke om rømming til Fiskeridirektoratet, og beredskapsplan for rømming vart sett i verk.

På grunn av kraftig uvêr og grov sjø var det ikkje forsvarleg å koma inntil merdane med båtar då kobben blei oppdaga. Kobben blei seinare observert utanfor merden. Først onsdag morgen den 6. august kunne ROV- og dykkarbåt koma ut til lokaliteten for å inspisera nøtene. Då blei det konstatert at det var to hol i botn av nota på omlag 15 meters djup. Hola blei reparerte straks av dykkar.

Lokaliteten hadde rutinemessig nokre overvakingsgarn i sjøen, og ytterlegare gjenfangstgarn blei sett ut omgående i løpet av morgonen og føremiddagen den 6. august.

Omfanget av rømminga er p.t. ukjent. Det var 144.526 stk. laks i merd 3 med ei snittvekt på 2,51 kg. Det er fanga 15 laks på gjenfangstgarn pr 8. august.

Røvær Fjordbruk beklagar hendinga. Me vil gjera vårt beste for å finna årsaka og trekkja lærdom av det som har skjedd og samarbeider godt med Fiskeridirektoratet i dette arbeidet.

####

**For nærmere informasjon kontakt Røvær Fjordbruk AS v/samfunnskontakt Kristian Råsberg i telefon  
99 21 01 09 eller [kristian.rasberg@fjordbruk.no](mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no)**